Høgskolen i Telemark
Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

I

824/5312 Internasjonal økonomi

10. 12. 2005

Tid: 4 timer (09.00 - 13.00)

Målform: Bokmål og nynorsk

Sidetall: 3 (inkludert denne forsiden)

Hjelpemiddel: Kalkulator uten minne eller med tømt minne

Merknader: Ingen

Vedlegg: Ingen

BOKMÅL

Oppgave 1 (30 %)

a) Forklar følgende begreper/navn:
- WTO
- netto kapitaleksport
- migrasjon
- sektorspesifikke (næringsspesifikke) innsatsfaktorer

b) Diskuter følgende påstand: Absolutte fortrinn forklarer nasjonenes relative rikdom, mens komparative fortrinn forklarer arbeidsdeling og handelsmønstre mellom land.

Oppgave 2 (30 %)

a) Hva menes med udekket renteparitet? Hva kan denne fortelle oss om sammenhengen mellom renter og valutakurs ved henholdsvis flytende og faste kurser?

b) Hva menes med hvert av følgende:
- bytteforholdet med utlandet
- bytteforholdet mellom konkurranseutsatte og skjerma goder
- reell valutakurs (mål på konkurranseevne overfor utlandet)

c) Skisser noen sentrale faktorer bak utviklingen i hvert av disse prisforholdene for Norges del i de senere tiår.

Oppgave 3 (40 %)

Innenlands etterspørsel etter osteprodukter er gitt ved

$$Y = 200 - 2P$$

der P er prisnivået for slike produkter. Tilbudet fra nasjonale osteprodusenter er gitt ved:

$$X = -50 + 3P.$$

a) Bestem autarkilikevekten. Illustrer i et diagram, og forklar de mekanismer som trekker mot likevekt.

b) Prisnivået på verdensmarkedet for de aktuelle produkter er 25. Bestem innenlands produksjon og forbruk, og eventuell import/eksport, ved fri handel i disse produktene. Bestem (finn et mål på) handelsgevinsten.

c) Det blir innført en tollsats lik 15. Bestem virkningen på produksjon og forbruk og på produsent- og konsumentoverskudd. Gi en samfunnsøkonomisk vurdering av å avvikle en slik tollpolitikk.

d) Hva menes med monopolistisk konkurranse? Er det rimelig å beskrive markedet for osteprodukter med en slik konkurranseform? Forklar mulige gevinster ved friere internasjonal handel i et slikt marked.

NYNORSK

Oppgåve 1 (30 %)

a) Gjer greie for følgjande omgrep/namn:
- WTO
- netto kapitaleksport
- migrasjon
- sektorspesifikke (næringsspesifikke) innsatsfaktorar

b) Drøft følgjande utsegn: Absolutte føretrinn forklarer nasjonane sin relative rikdom, medan komparative føretrinn forklarer arbeidsdeling og handelstilhøve mellom land.

Oppgåve 2 (30 %)

a) Kva meiner vi med udekka renteparitet? Kva kan denne fortelje oss om samanhengen mellom renter og valutakurs ved respektive flytande og faste kursar?

b) Kva meinast med kvart av følgjande:
- bytteforholdet med utlandet
- bytteforholdet mellom konkurranseutsette og skjerma gode
- reell valutakurs (mål på konkurranseevne overfor utlandet)

c) Skisser nokre sentrale faktorar bak utviklinga i kvart av desse prisforholda for Noreg sin del i dei seinare tiåra.

Oppgåve 3 (40 %)

Innanlands etterspurnad etter osteprodukt er gitt ved

$$Y = 200 - 2P$$

der P er prisnivået for slike produkt. Tilbodet frå nasjonale osteprodusentar er gitt ved:

$$X = -50 + 3P.$$

a) Finn autarkilikevekta. Illustrer i eit diagram, og gjer greie for mekanismar som dreg mot likevekt.

b) Prisnivået på verdsmarknaden for dei aktuelle produkta er 25. Finn innanlands produksjon og forbruk, og eventuell import/eksport, ved fri handel i desse produkta. Rekn ut (finn eit mål på) handelsvinsten.

c) Det blir innført ein tollsats lik 15. Finn verknadene på produksjon og forbruk og på produsent- og konsumentoverskot. Gi ei samfunnsøkonomisk vurdering av det å avvikle ein slik tollpolitikk.

d) Kva meinast med monopolistisk konkurranse? Er det rimeleg å omtale marknaden for osteprodukt med ei slik konkurranseform? Gjer greie for moglege vinstar ved friare internasjonal handel i ein slik marknad.